

**Fra:** Solveig Norevik [Solveig.Norevik@politikar.hoyanger.no]  
**Sendt:** 25. januar 2015 20:19  
**Til:** postmottak SD  
**Emne:** Fwd: SV: Høyring : NY POST!LOV

Det kongelege  
Samferdselsdepartement  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo

Dato 24.01.2015

>  
>  
>> HØYRING : NY POSTLOV  
>>>  
>>> Regjeringa ved Ketil Solvik-Olsen har gjort framlegg til ny postlov . Lova opnar for full konkurranse på postmarknaden , og implementerer EU's tredje postdirektiv .  
>>>  
>>> HØYANGER ARBEIDARPARTI SER MED BEKYMNING PÅ KONSEKVENSANE FOR KOMMUNANE OG DISTRIKTA DERSOM NY POSTLOV VERT INNFØRT. HØYANGER ARBEIDARPARTI STØTTAR IKKJE FRAMLEGGET , OG KREV AT FRAMLEGGET MED FORSKIFT IKKJE VERT VEDTEKE.  
>>>  
>>> Gode posttenester i heile landet er ein viktig del av infrastrukturen i samfunnet vårt , og staten bør ha eit overordna ansvar for å syte for mest mogeleg likskap i tenestetilbodet for alle delar av landet.  
>>> Postdirektivet pålegg full liberalisering også av brev under 50 gram , og gjev dermed fri konkurranse av all post . Ei slik omlegging vil få store konsekvensar for posttenesta i distrikts-Norge , og den blir både dårlegare og dyrare . Posten Norge vil ved innføring av ny postlov miste store inntekter frå den mest lønsame delen av posttenester . Erfaringar frå andre land syner at full konkurranse har ført til at dei største bedriftene i sentrale strøk får redusert portoutgiftene , medan små og mellomstore bedrifter og befolkninga i det meste av landet ellers , får dårlegare og dyrare posttenester. Dette kan vi ikkje godta.  
>>> Postomberinga er planlagt redusert til 5 dagar i veka . Dette vil ramme ein stor del av avisdistribusjonen. Vi støttar fullt opp om landsforeininga for lokalaviser ( LLA) sitt syn i saka.  
>>>  
>>> Regjeringa bør i denne saka gjere bruk av reservasjonsretten mot innføring av postdirektivet i Norge.  
>>  
>> Høyanger arbeiderparti  
>> Solveig Norevik  
>> Leiar  
>>>  
>>>  
>>>